

## Vil utvide flytebryggje

■ **FØRDE:** Førde kommune ber Noregs vassdrags- og energidirektorat om uttale til ein søknad frå Ole Johnny Hjelmland Øvrebo som ønskjer bytte ut eksisterande flytebryggje i Jølstra, utanfor gbnr. 62/46, med ei større. Øvrebo ønskjer å forlengje landgangen frå fire til sju meter og breidda på brygga frå to til fem meter. Årsaka er at elva er grunn, og at han har behov for to båt plassar.

■ **20 000 TIL LUNDEN-JUBILEUM:** Hovudutvalet for kultur har løyvd inntil 20 000 kroner i kulturutviklingsmidlar til konferansedelen av markeringa av forfatarane Eldrid og Kåre Lunden sine jubileum.

## Demensteam i Naustdal

■ **NAUSTDAL:** I Naustdal er det no etablert eit eige «Demensteam». Dette er fordi talet på personar med demens er stigande, noko som vil gje ei stor utfordring for pleie- og omsorgstenesta i kommunen. Demensteamet skal vere ein ressurs for personar med demens, pårørande, helsepersonell og til andre som kjenner seg knytt til personar med demens, opplyser kommunen på heimesidene sine. Demens er eit samlenamn på ei gruppe med hjernejukkdommar som oftast oppstår i høg alder.



**NESTEN FERDIG:** Om ikkje lenge kan hagehuset ditt komme i IKEA-drakt (flatpakka) og vere sett opp på ein time. Sigmund Eimhjellen frå Hyen vil med grindverksbygga skape eit tital lokale arbeidsplassar.

# Nye arbeidsplassar med gammal byggjeteknikk

**FØRDE:** Ferdig carport på nokre timar? Det kan bli framtida for Sigmund Eimhjellen sine idear.

OLE JACOB HUUS tekst og foto

Den kjem flatpakka, er av solid treverk og har 3000 år gamle tradisjonar.

Moelven Utvikling AS har gjort testproduksjonar av Eimhjellen sitt verk, og dagleg leiar Jostein Takle er godt nøgd.

– Dette bør både arkitektar og andre ta av seg hatten for, seier Takle.

### – Fungerer godt

– Eimhjellen har vist evne til å

løfte fram ein nisje med tradisjonsrik byggjemetode – grindverk – og det ser ut til å fungere veldig godt i praksis, seier Takle.

– Ferdig byggesett til ein pris ein kan leve med, ligg rett rundt hjørnet. Eimhjellen har vist stort tolmot og sett seg inn i heile prosessen frå det visuelle til produksjonsmetodane som kan føre produktet heilt fram til marknaden, seier Takle.

Det er snakk om hagestover, carportar, portalar og større byggverk som hytter og hus. Det grove grindverket gir moglegheit til større rom og vindusflater enn tradisjonelt bindingsverk.

– To mann kan sette opp dei enklaste bygga på ein times tid – og dei kan demonterast utan

skader. Også for dei større konstruksjonane er det mykje å spare på oppføringa, seier Eimhjellen.

### Vil vere i Sunnfjord

– Målet er å skape arbeidsplassar lokalt, seier gründeren sjølv.

I tillegg til at Moelven har gjort ein testproduksjon, har Eimhjellen ein lokal investor på plass.

– Endå ein investor skal på plass før vi går i gang for alvor, seier hyaren som sidan 2005 også har spelt på lag med Innovasjon Norge i Sogn og Fjordane.

Eimhjellen meiner at eit tital arbeidsplassar kan vere innanfor rekkevidde om ikkje alt for lenge.

Men veggen har gått så langt har kosta, viser det seg.

– Eg er tømrar, og har brukt tusenvis av timar på prosjektet og ein heil del pengar. Sjølv prosjektet har enno ikkje gått til salt i grauten. No ser eg at alt arbeidet har ført meg nært målet, spesielt har 3D-teknologien vore til stor hjelp. Programmet som skal til tek 30 sekund å laste ned, er gratis og enkelt å bruke.

I jakta på investorar har Eimhjellen gjennom fem år fått mange avslag.

– Eg har sikkert fått nei frå 100 potensielle investorar, men har eit rettkome håp om å feire 17. mai med alle pengane på plass.

olejacobhuus@gmail.com

**SUNNFJORD ENERGI**

**KVA BETALAR DU TIL DIN KRAFTLEVERANDØR?**

**Vår marknadpris i dag 24. april**

**50,09 øre/kWh**

Inkl. fastbeløp kr. 25,- pr. mnd.  
 10 000 kWh/år: 53,09 øre/kWh  
 20 000 kWh/år: 51,59 øre/kWh  
 30 000 kWh/år: 51,09 øre/kWh

Snittpris januar 52,17 øre/kWh  
 februar 62,34 øre/kWh  
 mars 63,09 øre/kWh  
 Alle prisar er inkl. mva.

**Sunnfjord Energi as**  
 Tlf. 57 72 23 00  
[www.sunnfjordenergi.no](http://www.sunnfjordenergi.no)